



Os vidaregåande skule  
Kolskogheiane 14  
5200 OS

Dato: 13.05.2016  
Vår ref.: 2016/1922-17  
Saksbehandlar: marvirk  
Dykkar ref.:

## Investeringsmidlar 2016 - Os vidaregåande skule

Viser til dykkar søknad om investeringsmidlar til byggfag, TIP, kjøretøy, modell for solenergisystem, leasing, buss, truck, IP-telefoni og avfallsstasjon. Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekkje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Os vgs får innvilga **kr 1 500 000,- inkl moms** til innskot i samband med ny leasingavtale buss.

Leasingavtalen på den gamle bussen går ut 1/1-17, og bør då kjøpast ut og evt seljast. Det same gjeld Volvo FH 480 med reg.nr SU37315 som leasingavtalen allereie er gått ut på, og der me bør kjøpe den ut snarast. Ifølge DNB v/Skjællåen vil sluttoppgjer normalt utgjere kring to månadsleiger, og det er derfor meir økonomisk å kjøpe ut kjøretøy/maskiner med utgåtte avtalar enn å fortsette å betale terminbeløp kvar månad.

Skulen, i samarbeid med Arnfinn Rekve, gjer anskaffing i tråd med HFK sitt innkjøpsreglement og gjeldande rammeavtalar. Då denne anskaffinga er ein tidkrevjande prosess, er det viktig at skulen tek kontakt med Rekve snarast mogleg for å komme i gang med prosessen.

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekningane for kontroll og sender desse vidare i Basware til Cathrine Øvredal Mellingen.

I kommentarfeltet i Basware skal det leggjast inn ein referanse til dette brevet og visast til prosjektnummer 09520 - Utstyrsmidlar.

Når det gjeld IT/telefoni, har IT-avdelinga fått eiga bevilgning til dette i 2016. Dei har bekrefta at Os vgs er på deira prioriteringsliste ift IP-telefoni.

**Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2017.** Alle rekningar må derfor betalast i 2016.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Marit Virkesdal  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Johan Henrik Lassen  
Cathrine Øvredal Mellingen  
Arnfinn Rekve